



GJESDAL KOMMUNE
INTERNT SERVICESENTER - RÅDMANNEN

1/1

dot 7

Kultur- og kirkedep. KI	
Saksnr. 200605491	Data 27.09.06
Kode KI-501	Beh.....

Det kongelige kultur- og kirkedepartement

Kopi til:

Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Saksnr. 2006/000886

Arkiv 020-C84-&13

Dato 22.09.2006

Deres dato 24.04.2006

Deres ref.

Vår saksbehandler Kolbjørn Sandve

Høring - NOU 2006:2 Staten og den Den norske kirke


Det blir vist til høyringsbrev frå departementet datert 24. april 2006.

Kommunestyret i Gjesdal behandla denne saka i sitt møte 18. september 2006, sak 87/06. Det framgår av vedlagte protokoll av det vart stemt over ulike framlegg i saka. Fleirtalet vedtok følgende:

1. Gjesdal kommune tilrår at dagens ordning med staskyrkje blir oppheva. Nærare og meir detaljerte reglar for finansiering av ei ny folkekyrkje må utarbeidast. (15 stemmer).
2. Gjesdal kommune tilrår at kommunane overtek gravferdsforvaltninga. (Samrøystes).
3. Gjesdal kommune tilrår at sokna framleis skal vera eigar av kyrkja. (Samrøystes).
4. Gjesdal kommune meiner at det ikkje er rett å stilla krav om at kommunen sitt medlem i kyrkjeleg fellelråd skal vera medlem av Den norske kyrkja. Ein ber om at føresegnene blir endra på dette punktet. (14 stemmer).
5. Gjesdal kommune meiner at kyrkelova § 33 må opphevast og at staten overtek fullt ansvar for dei prestebustadene som staten måtta ha bruk for til sine tilsette. (24 stemmer).

Vedlagt følger og rådmannen si saksutgreiing i sak 87/06.

Med helsing
GJESDAL KOMMUNE


Kolbjørn Sandve
assisterande rådmann

Postadresse
Gjesdal Kommune
Rettedalen 1
4330 Ålgård
Besøksadresse
Storahuset

E-postadresse
postmottak@gjesdal.kommune.no
Telefon
51611100
Telefaks
51618956

Internt servicesenter - rådmannen
Rettedalen 1, 4330 Ålgård
Telefon 5161 1100
Telefaks 5161 8956
Besøksadresse
Storahuset

Bankkonto
6350.05.38750
Foretaksregisteret
964978573



Saksprotokoll fra Kommunestyret

087/06 Høring - NOU 2006:2 Staten og Den norske kirke

Saksbehandler Kolbjørn Sandve - IS

:

Dato: 22.09.2006

Arkivref.: 2006/000886-3 / 020-C84-&13

Utvalg	Møte-dato	Utvalgs-saksnr.	Beh.-status	Besluttende organ
Kommunestyret	18.09.2006	087/06	BE	Ja

(Behandlet status: SK=Sakliste sendt, BE=Ferdig behandlet, UT=Utsatt, TB=Tilbakeført til forrige utvalg)

Underretning sendes:

-parter i saken

-øvrige

Dokumenter vedlagt saken:

Høringsbrev frå Kultur- og kirke departementet, datert 24.04.06

Høringsskjema

NOU 2006:2 Staten og Den norske kirke, sammendrag kapittel 2

Øvrige dokumenter i saken:

NOU 2006:2 kan finnes på følgende internettadr.:

<http://www.dep.no/kkd/norsk/dok/hoering/bn.html> eller

<http://www.odin.no/filarkiv/270631/NOU00206-TS.pdf>

Klageadgang:

Nei

Rådmannens innstilling

1. Gjesdal kommune tilrår at dagens ordning med statskyrkje blir oppheva. Nærare og meir detaljerte reglar for finansiering av ei ny folkekyrkje må utarbeidast.
2. Gjesdal kommune tilrår at kommunane overtek gravferdsforvaltninga.
3. Gjesdal kommune tilrår at sokna framleis skal vera eigar av kyrkja.
4. Gjesdal kommune meiner at det ikkje er rett å stilla krav om at kommunen sitt medlem i kyrkjeleg fellesråd skal vera medlem av Den norske kyrkja. Ein ber om at føresegna til kyrkelova § 29 blir endra på dette punktet.
5. Gjesdal kommune meiner at kyrkelova § 33 må opphevast og at staten overtek fullt ansvar for dei prestebustadene som staten måtta ha bruk for til sine tilsette.

Møtebehandling

Det blei først stemt over pkt. 1:

Følgjande forslag fra Torill Idland, Sp:

1. Gjesdal kommune tilrår at dagens statskyrkjeordning videreføres, og gjeldende grunnlovbestemmelser om statskyrkjeordningen forblir uendra. Staten sikres fortsatt politisk

kontroll og innflytelse ved at Kongen (regjeringen) er øverste kyrkjestyre og Stortinget lovgivande myndighet.

Forslaget fekk 4 stemmer (SP + 1 H).

Følgjande forslag fra Milfrid Eidsaa, Krf:

1. Gjesdal kommune tilrår at dagens ordning med statskyrkje blir oppheva. Det vert i staden oppretta ei lovforankra folkekyrkje. Nærare og meir detaljerte reglar for finansiering av ei ny folkekyrkje må utarbeidast.

Forslaget fekk 6 stemmer (Krf).

Rådmannens innstilling i pkt. 1 fekk 15 stemmer (Frp, Ap, Sv og 2 H).

Rådmannens innstilling i pkt. 2 og 3 blei samrøystes vedtatt.

Rådmannens innstilling i pkt. 4 blei vedtatt med 14 mot 11 stemmer (Krf, 2 Ap, 2 Frp og 1H).

Mindretalet røysta for følgjande forslag til nytt pkt. 4, fremma av Mildfrid Eidsaa, Krf:

Gjesdal kommune meiner: Kommunen sitt medlem i kyrkjeleg fellesråd bør vera medlem av Den norske kyrkje. Ein ber om at føresegna til kyrkjelova § 29 blir endra på dette punkt.

Rådmannens innstilling i pkt. 5 blei vedtatt med 24 mot 1 røyst (Krf).

Torill Idland, Sp fremma følgjande forslag til nytt pkt. 6:

Gjesdal kommune foreslår å avvike Opplysningsvesenets fond for å frigjøre midler til vedlikehald av landets kyrkjer.

Forslaget fekk 3 (2 Sp + 1 H) mot 22 stemmer og **falt**.

Vedtak

I forbindelse med pkt. 1 blei det stemt over 3 forslag som fikk følgjande stemmer:

Rådmannens innstilling i pkt. 1 fekk 15 stemmer:

Gjesdal kommune tilrår at dagens ordning med statskyrkje blir oppheva. Nærare og meir detaljerte reglar for finansiering av ei ny folkekyrkje må utarbeidast.

Forslag fra Milfrid Eidsaa, Krf i pkt. 1 fekk 6 stemmer:

Gjesdal kommune tilrår at dagens ordning med statskyrkje blir oppheva. Det vert i staden oppretta ei lovforankra folkekyrkje. Nærare og meir detaljerte reglar for finansiering av ei ny folkekyrkje må utarbeidast.

Forslag fra Torill Idland, Sp i pkt. 1 fekk 4 stemmer:

Gjesdal kommune tilrår at dagens statskyrkjeordning videreføres, og gjeldende grunnlovbestemmelser om statskyrkjeordningen forblir uendra. Staten sikres fortsatt politisk kontroll og innflytelse ved at Kongen (regjeringen) er øverste kyrkjestyre og Stortinget lovgivande myndighet.

2. Gjesdal kommune tilrår at kommunane overtek gravferdsforvaltninga - *samrøystes vedtatt*
3. Gjesdal kommune tilrår at sokna framleis skal vera eigar av kyrkja - *samrøystes vedtatt*
4. Gjesdal kommune meiner at det ikkje er rett å stilla krav om at kommunen sitt medlem i kyrkjeleg fellesråd skal vera medlem av Den norske kyrkja. Ein ber om at føresegna til kyrkjelova § 29 blir endra på dette punktet - *14 stemmer*.
5. Gjesdal kommune meiner at kyrkjelova § 33 må opphevast og at staten overtek fullt ansvar for dei prestebustadene som staten måtta ha bruk for til sine tilsette - *24 stemmer*.

Rett utskrift

Berit H. Lima
Berit H. Lima



SAKSUTREDNING

Dato 19.07.2006 Saksnr.: 2006/000886 - 3

Arkiv: 020-C84-&13 U.off §:

Saksbehandler Kolbjørn Sandve

Til
Kommunestyret

Kopi:

Høring - NOU 2006:2 Staten og Den norske kirke

Bakgrunn for saka

Regjeringa har sendt NOU 2006:2 ut på høyring med høyringsfrist 1. desember i år. Eit breitt samansett utval har arbeidd med forholdet mellom stat og kyrkja sidan oppnemninga i mars 2003, og utvalet la fram si tilråding i januar 2006.

Heile NOUen er på vel 200 sider og kan lesast på internett på <http://www.dep.no/kkd/norsk/dok/hoering/bn.html> eller på <http://www.odin.no/filarkiv/270631/NOU00206-TS.pdf>

- //
/ Vedlagt høyringsbrevet av 24.04.06 og høyringsskjema på 8 punkt som viser kva ein frå departementet si side legg vekt på som dei sentrale høyringsspørsmåla. Vedlagt også samandraget, kapittel 2, som er på 9 sider.

Saksopplysningar

I høyringsbrevet har statsråd Trond Giske lagt vekt på aktivitet regionalt og lokalt, og m.a. gitt uttrykk for at "det kunne være fruktbart om folkevalgte for kommunen og den lokale kirken i fellesskap drøfter hvilken løsning på forholdet mellom stat og kirke som vil være best på deres sted". Human-Etisk Forbund har i eit eige brev til kommunane sagt seg enig i at saka bør få ei brei behandling, og at kommunen bør involvere representantar for alle innbyggjarane uavhengig av trus- eller livsynssamfunn, også dei som ikkje er medlemmer av slike.

Rådmannen har vurdert ein slik brei høyringsrunde, men kome til at det vil vere vanskeleg å samanfatte kommunalpolitiske synspunkt og konklusjonar med dei sikkert ulike syn som både kyrkja og ulike lokale trus- og livsynssamfunn har i denne saka. Desse vil sjølvsagt bli inviterte til å kome med sine synspunkt både gjennom sine kyrkjelege organisasjonar og gjennom trus- og livsynssamfunn utanfor kyrkja.

Vurdering

Framleis statskyrkje?

Spørsmålet om Norge framleis skal ha ei statskyrkje har vore opp fleire gonger dei siste tiåra. Det spørsmålet som synest å ha stått mest sentralt dei siste åra, er kven som skal utnemne biskopane. Skal det framleis vera Regjeringa (Kongen i statsråd), eller skal dette gjerast av kyrkja sine eige organ?

Det kan neppe vera tvil om at Regjeringa, med skiftande politiske parti, har stått for utnemning av meir liberale biskopar enn det som har hatt tilslutning frå fleirtalet i dei kyrkjelege organ. Etter rådmannen si

meining har dette vore ei ønskeleg utvikling, og for mange vil dette vere eit så sentralt spørsmål at ein bare av denne grunn ønsker å halda fast på statskyrkja. På den andre sida har vi i større og større grad blitt eit fleirreligiøst samfunn, og i dette perspektivet blir ei ordning med statskyrkje på mange måtar ei sjølvmotseiing. Mange meiner at kyrkja sine ordningar til ei kvar tid må tilpassast dagens krav og utfordringar, og at dette best kan skje ved å oppheve dagens statskyrkjeordning. Eit stort fleirtal på 18 av 20 medlemmer i utvalet meiner dette, medan bare to medlemmer tilrår ei vidareføring av dagens ordning. 14 av dei 18 som tilrår eit skille mellom stat og kyrkje tilrår at Den norske kyrkja blir organisert som ei folkekyrkje forankra i lov, medan 4 medlemmer meiner at kyrkja blir organisert som ei sjølvstendig folkekyrkje.

Rådmannen meiner som fleirtalet i utvalet at kyrkja gjennom dei siste åra har bygd ut sine demokratiske strukturar på dei fleste områder, og at kyrkja i dag har eigne organ som kan overta dei oppgavene som Kongen (regjeringa) i dag ivaretar. Fleirtalet er klare på at "forholdet mellom kirke og folk er langt viktigere enn forholdet mellom kirke og stat". I dette perspektivet meiner rådmannen at eit skille mellom stat og kyrkje nå verkar naturleg å gjennomføre. Det er her eit viktig moment at eit slikt syn også verkar å ha klar tilslutning frå kyrkjeleg hald. Det lovmessige grunnlaget, altså om ei ny folkekyrkje skal forankrast i lov eller ikkje, må greiast ut nærmare. Rådmannen tar ikkje stilling til dette spørsmålet i denne saka.

Finansiering

Finansiering av ei folkekyrkje som ikkje er statleg er eit stort og svært kompleks spørsmål. Uansett lovgrunnlag er det all grunn til å tru at det offentlege må stå for det meste av finansieringa, kanskje supplert med eit medlemsbidrag. 15 av medlemmene i utvalet tilrår dette. Dette må det sjølv sagt arbeidast meir med, men dersom resultatet blir ei ordning der staten dekkjer mesteparten av utgiftene, vil det i forhold til i dag føre til eit tilsvarende reduksjon i rammetilskotet til kommunane. Gjesdal ligg under gjennomsnittet (rekna i kr pr innbyggjar) i utgifter til kyrkja, slik at dette trekket nok ville blitt større enn utgiftene kommunen har i dag.

Ansvar for prestebustader ligg i dag på kommunen. Uansett vidareføring av ordninga med statskyrkje eller ikkje, meiner rådmannen at staten bør overta dette ansvaret. Denne problemstillinga er nærare omtalt nedanfor.

Gravferdsforvaltninga

Fleirtalet i utvalet foreslår at kommunane overtek ansvaret for gravferdsforvaltninga. Dette er rådmannen enig i.

Gjesdal kommune har i dag det praktiske arbeidet ved gravlegging og stell av gravplassane. Det skjer i praksis også ei dobbelt arkivføring, både i kommunen og på kyrkjekontoret. Festeavgiftene for graver, som i dag tilfell kyrkja, ville i så tilfelle gå til kommunen som ei mindre medfinansiering av kommunen sine utgifter på dette området.

I og med at dette spørsmålet nå er reist av utvalet, synest det for tida lite aktuelt å overføre formell grunnboksheimel av gravplassane i Gjesdal til Gjesdal kyrkjelege fellesråd.

Kyrkjebygga

Soknet bør framleis eiga kyrkjebygga, sjølv om det pålegg kommunane eit finansieringsansvar. Rådmannen har tru på at når det formelle ansvaret ligg hos sokna, vil det opne opp for at ein del arbeid kan bli gjort på dugnad og/eller med medfinansiering frå soknet.

Rådmannen synest også det er rett er at det er ei sterkare tilknytting mellom soknet og kyrkja, enn mellom soknet og gravplassen. Gravplassen skal nyttast av alle same kva religiøs tru ein har.

Vedlikehald av gamle kyrkjer er for mange kommunar ei stor utgift. Staten burde tatt eit større medansvar for fleire kyrkjer enn dei gjer i dag.

Bygging av nye kyrkjer er for dei fleste kommunar ei stor utgift når dette blir gjort. For mindre kommunar kan det gå mange tiår (eller hundreår) mellom kvar gong det blir bygt ny kyrkje. Når det først blir bygt, er dette eit stort løft. Det hadde vore ønskjeleg at staten tok eit større medansvar ved bygging av kyrkje. Ei vidare utbygging av ordninga med rentestøtte kan her vere ei løysing.

Kommunen sin representant i kyrkjeleg fellelsråd

Kommunen skal velga ein representant til kyrkjeleg fellelsråd (i Gjesdal 1 av 6), sjå kyrkjelova §12, b.

Når kommunen skal yta det meste av kyrkjeleg fellelsråd sitt budsjett, vil kommunen sin representant lett kunne oppfattast som noko mellom "finansminister" og kontrollutval. Det synest då lite rimeleg at kommunane er avskorne frå å velga ein representant som ikkje er medlem av Den norske kyrkja, kyrkjelova § 29.

Departementet burde ordna med ein eigen generell dispensasjon for kommunen sin representant, etter fullmakta departementet har etter kyrkjelova § 29, 2. setning. Det synest å vera lite rimeleg med dagens ordning med at biskopen skal godkjenne evt dispensasjon etter ei konkret vurdering av det einskilde kommunemedlem, som ikkje er medlem av Den norske kyrkja.

Prestebustader

Staten kan med heimel i kyrkjelova § 33 påleggje kommunane å stille bustad til disposisjon for presten. Krava til bustad som Presteforeninga har fått igjennom er ikkje små, bustaden skal vera på minst 180 m², 2 stover, 4 soverom, kontor, garasje til to biler. Derimot er refusjonen som staten betaler til kommunen for å stilla bustaden til disposisjon, liten.

Dei fleste prestane i sentrale områder ønskjer å bu i sjølveigd bustad, slik at prestebustaden lett kan bli ståande tom. Dette gir ytterlegare tap for kommunen.

Ordninga med kommunalt ansvar for prestebustadene var meir naturleg for hundre år sidan enn i dag. Den gongen var det vanleg med offentleg bustad til presten og læraren. Dei bustadene som kommunen har i dag er omsorgsbustader til eldre og funksjonshemma, nokre bustader til flyktningar og andre særleg vanskelegstilte. Ingen av desse bustadene er eigna til prestebustad, og prestebustadene er lite eigna til bruk for kommunen sine andre leigetakarar.


Prestebustad var/(er?) eit personaltiltak for dei statleg tilsette prestane, og det bør vera på tide at staten tek dette personalansvaret sjølv og ikkje fører desse personalutgiftene over på kommunane. Staten har mellom anna tatt over ansvaret for skyssutgiftene, finansiert ved trekk i rammetilskotet til kommunane.

Forslag til vedtak:


1. Gjesdal kommune tilrår at dagens ordning med statskyrkje blir oppheva. Nærare og meir detaljerte reglar for finansiering av ei ny folkekyrkje må utarbeidast.
2. Gjesdal kommune tilrår at kommunane overtek gravferdsforvaltninga.
3. Gjesdal kommune tilrår at sokna framleis skal vera eigar av kyrkja.
4. Gjesdal kommune meiner at det ikkje er rett å stilla krav om at kommunen sitt medlem i kyrkjeleg fellelsråd skal vera medlem av Den norske kyrkja. Ein ber om at føresegna til kyrkjelova § 29 blir endra på dette punktet.

5. Gjesdal kommune meiner at kyrkjelova § 33 må opphevast og at staten overtek fullt ansvar for dei prestebustadene som staten måtta ha bruk for til sine tilsette.

Rådmannen i Gjesdal den 19.07.2006



Bodil Sivertsen



Kolbjørn Sandve